



Sjekk kvar driftssenteret ditt er plassert!

Får du utbetalt rett distriktstilskot?

Distriktstilskot for mjølk og kjøt har ulike satsar avhengig av kvar du har produksjonen din. Du er ansvarleg for at forvaltninga har korrekt informasjon om kvar du har din produksjon. Dette skrivet fortel deg korleis du sjekkar kvar produksjonen din er registrert, og informerer om konsekvensar dersom opplysningane ikkje er korrekte.

Kva er rett plassering av driftssenteret ditt?

Distriktstilskot blir utbetalt etter kvar driftssenteret til føretaket ditt ligg. Rett driftssenter er der driftsbygninga din er plassert. Har du husdyrproduksjon i fleire driftsbygningar, er driftssenteret den bygninga som står for føretaket største andel av omsetninga på årsbasis. Det er den bygninga der dyra høyrer til størstedelen av året som skal vera driftssenter. Har du dyr på setra om sumaren, skal setra ikkje vera driftssenteret.

Viktig å seia frå om endring av driftssenter dersom det gjev ei anna sone

Statens landbruksforvaltning vil skjerpa kontrollen av tilskotsutbetalingar framover, og det er derfor viktig at du melder frå om eventuelle feil innan 20. august 2014. Får du for mykje distriktstilskot etter august, må du betala tilbake det du fekk for mykje. Du kan òg risikera å få redusert tilskotet ytterlegare. Du er òg løpande ansvarleg for å melda frå til kommunen dersom du flyttar driftssenteret ditt.

Meir informasjon om driftssenter, distriktstilskot og soner

Du kan lesa meir på www.slf.dep.no under «Produksjon og marked», sjå Melk/Tilskudd og Kjøtt og egg/Tilskudd.

Du må kontrollera følgjande:

1. Sjekk om driftssenteret ditt er registrert på rett eigedom

Stemmer gards- og bruksnummeret som er oppgjeve i søknadsskjemaet om produksjonstilskot med den eigedomen der driftssenteret ditt ligg? Det registrerte driftssenteret finn du under grunnopplysningar i søknaden. Hvis det er registrert feil eigedom i søknaden, må du ta kontakt med kommunen før du sender den inn. Kommunen må kopla føretaket ditt til rett eigedom i både Landbruksregisteret og i søknaden.

2. Sjekk om du får distriktstilskot etter rett sone

For å finna ut om du får utbetalt korrekt distriktstilskot, må du kontrollera at forvaltninga har registrert driftssenteret ditt på rett bygning. Dette gjer du ved å slå opp eigedomen i sonekartet, som du finn på nettadressa: <http://kart7.skogoglandskap.no/map/sonegrenser>. Det er viktig å sjekka både kjøtsone og mjølkesone om du produserer begge delar. På baksida av dette arket ser du korleis du slår opp i kartet. Er driftssenteret ditt markert på feil bygning i kartet, må du ta kontakt med kommunen innan 20. august og be dei endra koordinatene til driftssenteret i Landbruksregisteret. Vi tilrår at du melder frå skriftleg til kommunen, slik at du har dokumentasjon på at du har gitt melding om feilen.

3. Sjekk om det er brukt rett sone på avrekning frå meieri og slakteri

Er driftssenteret markert på rett bygning i kartet, men ligg i ei anna sone enn den som er brukt på avrekning frå meieri eller slakteri? Ta kontakt med Statens landbruksforvaltning på tlf. 24 13 10 00 eller send e-post til postmottak@slf.dep.no

Slik finn du ditt registrerte driftssenter

Slå opp i kartet på <http://kart7.skogoglandskap.no/map/sonegrenser>

1. Velg fylke og kommune
2. Velg soneflate kjøtt eller mjølk
3. Skriv inn gårds-, bruks- og eventuelt festenummer som du finn på søknad om produksjonstilskot, og trykk på «Søk driftssenter»
4. Forstørr kartet for å kunna sjå bygninger ved å bruka «+» i kartet
5. Rett sone finn du ved å samanlikna farge i kart med teiknforklaring til høgre

1. Fylke: Skriv eller velg...
Kommune: Skriv eller velg...

2. Soneflate kjøtt
Soneflate melk

3. Søk driftssenter

4. Sone kjøtt: 2,
Sone melk: B, D, C,

5. Tegnforklaring

Melk_flate

- Sone A
- Sone B
- Sone C
- Sone D
- Sone E
- Sone F
- Sone G
- Sone H
- Sone I
- Sone J

Den røde pila syner punktet der vi har registrert at driftssenteret ditt ligg (her sone B).

Fargene syner forskjellige soner.

Raude linjer syner eigedomsgrenser.

Her ser du alle sonene som finst i kommunen

skog+landskap